



Repertoaret var allsidig – her gjeld det å halde tunga (og beina) rett i line-dansen. (Foto: Ola Matti Mathisen).

Oppslutnaden om romjulsdansen i Aktivitetshuset fredag var noko skuffande, då det kom berre 115 betalande. Men det vart trass i alt eit lite overskott, for grensa gjekk ved 95. Overskottet etter romjulsdansen vart 11.760 kroner, som er øyremerka til utstyr i trimrommet

- Det ville ha vore 'surt' viss vi hadde tapa pengar på arrangementet, når ein tenkjer på alle førebuingane, seier leiar av Aktivitetshuset Damevenner Klara Bakke til uskedalen.no.

Når det gjeld grunnen til at det ikkje kom fleire, viser ho til at det var fleire konkurrerande festar i distriktet denne kvelden. Det ublide og heftige veret kan sjølvstags også ha skremt nokon.

Musikken var i hvert fall ikkje noko ankepunkt, for etter dei dansandes meining var trioen Discovey eit godt og framfor alt allsidig og fengjande band. Det spelar på mange strengar, frå gamla slagarar via blues og rock til det siste på listetoppene.

Gitaristen Jostein Marø frå Haugesund har då også spela med fleire av dei store artistane her i landet, til dømes Jahn Teigen, Jan Werner Danielsen, Kristian Valen, Anita Skorgan, Elisabeth Andreasson, Morten Harket og Bjørn Eidsvåg.

Vokalisten Anne Berit Meija synte at ho kan få med seg publikum.

Av Ola Matti Mathisen



Discovery spela i Aktivitetshuset fredagskvelden. (Foto: Ola Matti Mathisen)